


PÅ SKJERMEN:	I TIMEN:
	Start med å sjå denne Zak Abel - Less Of A Man (Official Video) - YouTube .
	Skriv ut nok slike a3-ark til at elevane kan få jobbe med dei i grupper på 2-5. Det er tre ulike ark; jente, gut og «menneske uavhengig av kjønn». Gruppene kan jobbe med kvar sitt ark eller alle kan fylle ut alle. Etter dei har jobba ei stund er det fint om de samanliknar litt. Tenker dei det er ulike forventningar til gutar og jenter framleis? Og dei som skreiv om menneske generelt – skreiv dei om andre ting fordi dei ikkje trengte å tenke på kjønn?
Kjønns mangfold 	Sjå filmen Kjønns mangfold
Etter filmen jobbar de med å finne ut meir av det i kvardagen vår som er kjønnsavhengig, og om meir burde vere kjønnsuavhengig. Gjer ei øving der elevane skal stå medan du les opp ein påstand, og så skal dei gå til ein av 3 ulike plassar i rommet som betyr: • Ja • Tja – usikker • Nei Når dei har stilt seg opp får alle som står på same plass snakke litt saman om kvifor dei valte å stille seg der, og så kan gruppa argumentere for valet sitt, i staden for at enkeltelevar skal svare for seg sjølv. Det gjer dialogen tryggare. Sei til elevane at det alltid er lov å bytte plass undervegs, spesielt når ein har høyrte dei andre sine argument for sitt svar. Påstandar du les opp som dei tek stilling til: • Bør klesbutikkar ha eigne avdelingar for jente og gut? • Bør alle toalett på skular vere merka med gut, jente eller rullestol? • Bør fotball-lag og andre idrettsgreiner vere delt etter kjønn? • Bør det vere forskjell på opptakskrav for ulike kjønn på nokre utdanningar for å jamne ut kjønnsbalansen? • Bør tilsette i det offentlege (som lærarar) alltid bruke kjønnsnøytrale ord der det er mogleg? • Bør man slutte å be folk krysse av for kjønn der det er mogleg? • Bør man ha ulike forventningar til kva ulike kjønn kan bidra med i kvardagen? • Bør man respektere at folk har ulike meninger om dette temaet?	
Etter denne øvinga kan elevane kan få jobbe vidare i grupper og sjå om dei kan bli einige om: 1. Eit område der kjønn bør bli mindre viktig – og foreslå konkrete handlingar som kan føre til ei slik endring 2. Eit område der kjønn framleis bør vere viktig – og argumentere for det, eventuelt med forslag til handlingar som får fram dette budskapet.	

	I løpet av timen, og elles i løpet av månaden, kan de gjerne bruke denne lille pusteøvinga 478 pusteøvelse (youtube.com)
	Dersom de har tid og vil kan de gjerne sjå denne Still Me Non-Binary Short Film - YouTube sjølv om den varer i 13 minutt. Den er god for å forstå korleis det opplevast å ikkje bli tatt på alvor i kjønnsopplevinga si.
Etter denne filmen, eller avslutningsvis i timen, er det fint om elevane kan utforme nokre råd eller lage ei oppskrift, som handlar om trygge, respektfulle måtar å snakke om og med menneske som unngår meir fokus på kjønn enn nødvendig. Til dømes: • Skrive små lappar som du samlar inn i ei boks og les opp (etter kritisk vurdering) • Lage forslag til ei «oppskrift» retta mot ulike målgrupper og tema • Lage slagord, eller kladde plakat-design, eller forslag til kampanje på sosiale media, som skal få ulike aldersgrupper til å bli meir medviten korleis ein brukar eit meir kjønnsnøytralt språk	
	Avslutt med denne: Zak Abel - Be Kind (Official Video) - YouTube eller med Å være meg Livet Musikkvideo - YouTube